

Hallingdal brann- og redningsteneste iks

MØTEPROTOKOLL

Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks

Møtestad: Teams

Møtedato: Onsdag 16.05.2023

Tid: 14⁰⁰ – 15⁰⁰

Handsama saker: 1/23

Tilstades: Solveig Vestenfor, Ål kommune, leiar
Herbrand Jegleim, Gol kommune, nestleiar
Merete Gandrud, Flå kommune
Tore Haraldset, Nesbyen kommune
Pål Rørby, Hemsedal kommune

Forfall: -

Andre: Håkon Myro, styreleiar
John Bjella, brannsjef

Diverse merknadar: ingen

Underskrifter:

Stad: Torpomoen

Dato: 16.05.2023

Solveig Vestenfor
leiar

John Bjella
brannsjef

Møteprotokoll er sendt til:

- Hemsedal kommune
- Gol kommune
- Ål kommune
- Nesbyen kommune
- Flå kommune

SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Tittel
Sak 1/23	Anskaffelse av tankbil til Flå



SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

1/23 Anskaffelse av tankbil til Flå

Saksopplysningar:

Flå har vore utan tankbil i tre år. Me gjennomførte anskaffelse på bilen for to år sidan, men sidan bilgruppa ikkje var nøgd med tildelinga så gikk den tankbilen til neste på investeringsplanen som var Å1. Den bilen kjem om nokre månader og investeringa er vedteke i budsjettet for 2023.

Bygging og levering av brannbilar tok før eit år frå anskaffelsen var gjennomført til bilen vart levert. No tek det min. to år, og ofte lenger pga. forseinka delar o.l. Utfordringa med det er at kostnaden kjem fleire år etter at kontrakta må signerast når anskaffelsen er gjort (kostnaden på brannbilar kjem når bilen er levert). Det skapar også andre utfordringar, som for eksempel at vedtak om overflytting av ramma har vorte gjort for seint, dvs. vedtak det året det vert vedteke å flytte ramma til og ikkje året før som det skulle vore. Og det er uoversiktleg når det er fleire vedteke investeringar som «står på vent» der kanskje ei investering skal overflyttast og ei anna ikkje.

Det gjorde at me i denne anskaffelsen bestemte oss for å budsjettere kostnaden det året bilen skal betalast. Det vart informert om i styret og rep.skap. Men det som ikkje var tenkt på då var at for å signere kontrakt må ein ha eit vedtak i rep.skapet, og då kjem vedtaket før det er budsjettert.

Det er nyleg gjennomført anskaffelse på ordinær tankbil. Innkjøpskontoret har bistått med anskaffelsen. Egenes Brannteknikk vann anbodskonkurransen med lågaste tilbudet på kr. kr 4.771.785,- sjå vedlagt evaluering.

Etter brannordninga som er vedteke i alle kommunane skal Flå ha tankbil. Det har dei ikkje i no, noko som formelt sett er eit avvik i forhold til vedteke brannordning. Flå har mange vedteke byggesaker der tankbil er definert som sløkkevasskilde, det forpliktar også til å ha tankbil på Flå. Det er slik sett ingen tvil om at Flå skal ha tankbil. Men investeringa er ikkje budsjettert enno. Det kjem ingen kostnad på investeringa i år, den vert lagt inn i budsjettet for 2024. Men for å signere kontrakta må representantskapet ha gjort vedtak.

Brannsjefen si tilråding til vedtak:

Styret tilrår at Representantskapet vedtek investering på kr. 4.772.000,- for tankbil på Flå. Investeringa vert gjort ved låneopptak med tilbakebetalingstid på 20 år.

Vedtak i styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks:

Styret tilrår at Representantskapet vedtek investering på kr. 4.772.000,- for tankbil på Flå. Investeringa vert gjort ved låneopptak med avskivings- og tilbakebetalingstid på 20 år.

Vedtak i Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks:

Representantskapet vedtek investering på kr. 4.772.000,- for tankbil på Flå. Investeringa vert gjort ved låneopptak med tilbakebetalingstid på 20 år.

Representantskapet er kjent med at låneramma snart er brukt opp. Ved auke i ramma må selskapsavtala endrast, og behandlast i alle kommunestyra.